



Tor Halvor Halvorsen
Keilevegen 137
5953 Fønnes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/4048 - 23/37785

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
15.05.2023

Adressetildeling Keilevegen 133A og førehandsvarsel av adresseendring Keilevegen 133 - gbnr 125/10

Administrativt vedtak: Saknr: 502/23

VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adresseendring og adreasetildeling:

Gbnr	Brukseining	Eks. adresse/ husnr.	Ny tildelt adresse/husnr.
125/10	Eks våninghus	Keilevegen 133	133B
125/10	Ombygd løe	ingen	133A

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen for 133A. Adresseendringa for eksisterande 133 vert registrert etter klagefristen på 3 veker er ute.

Saka gjeld

Adressetildeling og Varsel om adresseendring etter Forvaltninglova kap IV, § 16 og Matrikkellova kap. 4, §21.

I samband med godkjent ombygging av løe til forsamlingslokale på eigdommen gbnr 125/10 skal det tildelast ny offisiell adresse. Då det ikkje er ledige husnummer i området her, vert det nødvendig med adresseendring av eitt våningshus og å ta i bruk bokstavar i tillegg til husnummer, for å unngå ei større omadressering.

Mottakar av varselet


Dette varselet vert sendt til grunneigar til aktuelle eigedom. Dersom adresseendringa får verknad for andre enn dei me har nådd med dette varselet, ber me om at vedkomande vert informert.

Vurdering

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressetildeling og adresse vert difor tildelt. Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Keilevegen.

Offentlege etatar hentar opplysningar om adresseendringa frå matrikkelen. Eventuelle private kontaktar må de melda adresseendringa til sjølv.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjent husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn (sjå døme) og i nokre tilfeller også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkelova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «23/4048»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tor Halvor Halvorsen

Keilevegen 137

5953 Fonnes